

Side 2
Dalastemna

Side 3
**Avskil, Bløming og
Fransk aften**

Side 4
Hausstattkar

Side 5
Søndagsskulens dag


Side 6 og 7
**50 års
konfirmantjubiléer**

Side 8
Laget

Side 9
KRIK-Villmark

Side 11
Slekters gang

Side 12
**Oversyn over
gudstenestene**



4. august vart Elisabeth og Kjartan Gullbrå vigsla som misjonærar under Tibetmisjonen sitt årsmøte i Råde i Østfold. Sundag 8. september var det utsendingsgudsteneste i Vaksdal kyrkje, med misjonsfest i bedehuset etterpå. Torsdag 3. oktober skal familien Gullbrå etter planen forlate Noreg, for å busetje seg i Kathmandu i Nepal.

**Vi ynskjer dei Guds signing over
misjonærtene!**

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf.privat: 56 59 59 26

VOKT-arbeidar

Knut-Erlend Rosvold

Tlf.kontor: 56 59 39 22

Mobiltlf.: 95 81 65 91

e-post: vokt-vaksdal@innboks.com


Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

DALASTEMNA 2002



Anders Magne Tolås
som prestevikar på
Dalastemna 2002

Tekst og foto:
Jostein Farestveit,
Modalen.

Sundag den 28.juli var det igjen tid for stemne på fjellet mellom Farestveit og Flatekval på den gamle stemneplassen ved Storavatnet.

I år starta folk på omrent likt tidspunkt frå begge sider, om lag kl.9.30, og dei fleste kom fram til kl.12.00. 38 menneske var samla.

Jostein Farestveit ynskte velkommen til alle, og spesielt vart vikarprest Anders Magne Tolås ynskt velkommen. Olaug Bjørke ringde med den medbrakte klokka, og gudstenesta kunne starta litt over klokka tolv.

Det var ei fin gudsteneste, og Anders Magne Tolås heldt ei kjempegod tale over Lukas 12,42-48 om forvaltaransvaret. Det var kjende songar, så songen gjekk lett.

Etter gudstenesta var avslutta og Olaug Bjørke hadde ringt 3x3 slag, var det matøkt. Folk prata og kosa seg og hadde det fint. Det var lettskya opphaldsver, men ein litt kjølig vind på fjellet.

Då folk var ferdige med maten, var ordet fritt. Ein mann frå Hundvin tok ordet og fortalte litt og song nokre gamle viser og stev. Han var flink til å synga, og folk kosa seg.

Anlaug Hauge hadde med seg eit lite flagg som bestefaren hennar hadde hatt med seg på stemna for 60 år sidan. Det sette ho ved sida av det store flagget som var reist på stemneplassen.

Dagen vart avslutta med tre allsongar, og i 14.30 tida byrja folk på heimturen. Det hadde vore ein verkeleg fin dag på fjellet i Guds frie natur.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret innan 20.nov.
Neste nummer, julenummer, kjem ut i veke50.

AVSKIL MED KYRKJETENAR HANS BRØRVIK



Hans Brørviik har vore kyrkjetenar i Stamnes kyrkje frå jonsok 1986.

Søndag 1.september fekk han takk og gode ord frå soknerådet og kyrkjelyden på Stamnes. Ei Dalekofte var eit synleg teikn på takk for trufast teneste i kyrkja på Stamnes. Den kan nok varma på meir enn ein måte.

På biletet står Hans Brørviik saman med soknerådsleiar Eidrun Straume Normann og kapellan Edvard Bø.

Foto: Bjørg Vassenden

FRANSK AFTEN

Sundag 24.november vert det ein heilt spesiell konsert i Dale kyrkje. då vil kantorane invitere til *Fransk aften* i Dale kyrkje. Det vert presentasjon av den fantastiske franske orgel-kulturen i ord og tonar. For dei som ikkje veit heilt kva dette er for noko: Utgangsmarsjen som vart spelt ved prinsessebryllaupet i Nidarosdomen i vår, (siste sats frå Widor sin 5. orgelsymfoni), er eit godt døme på den såkalla franske orgel-toccataen. Med sine raske og bølgjande 16.dels rørsler i hendene og med sitt iøyrefallande tema i pedal, er dette ei komposisjonsform som er mykje nytta i dei fransk-romantiske orgelverka.

Dette er ikkje første gongen det vert *Fransk aften* i Dale kyrkje. For fire år sidan hadde kantorane ein liknande konsert. Då var det orgeldemonstrasjon oppe på galleriet, der ein gjekk igjennom dei mest typiske franske orgel-registreringane (klangane) og forklarte litt om typiske trekk ved franske orgel. Etter konserten var det servering av ost, kjeks og alkoholfri vin oppe på galleriet.

Korleis konserten vil arte seg denne gongen, er framleis ikkje heilt klart. Sikkert er i alle høve at dette er ein kveld ein lyt setja av

BLØMING

Eg veit ein blome som alltid blømer
om den får pleie som det seg sørmer
Det er livsens blom som seg foldar ut
eit teikn på at me er skapt av Gud.

Eg er ein blome i denne verda
og lyset det har eg med på ferda
Det gjev meg varme og kraft eg får
så glad og nøgd eg som blome står.

Ein vissen blome eg berre finn
kvar dag eg lever med lukka sinn.
Men om eg elskar meg sjølv og deg,
vil blomen bløme og visa veg.

Ragnhild N. Hesjedal

HAUSTTANKAR

Vi har hatt ei fin seinsommar og tidlig haust med mykje godt ver om dagen og ein klår stjernehimmel om natta.

På Dale er det ikkje så mykje vi ser av stjernehimmen både på grunn av dei høge fjella og fordi det er så mykje lys frå gateykter og hus. I Bergsdalen er det fantastisk flott å stå under stjernehimmen og la tankane vandra ut i verdsrommet. Ein blir liten i slike stunder og orda frå Salme 8 i Bibelen kjem fram:

"Når eg ser din himmel – eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske sidan du kjem det i hug, eit menneskebarn, sidan du tek deg av det?"

I Jobs bok finn vi også ord om sternehimmen. I 38. kapitel seier Gud til Job: *"Kan du knyte Sjustjernebandet eller løysa Orions lekkjer? Kan du få kveldsstjerna fram i rett tid eller leia Løva og hennar ungar? Kjenner du lovene som rår på sternehimmen?"*

Det er lite som har endra seg på himmelen sidan Job og Kong David si tid. Vi ser framleis Orion og Sjustjerna på himmelen, og vi blir fylt av undring over Guds allmakt – over forholdet mellom lys og mørke. På fyrste dag i skapingssoga sa Gud: *"Bli lys!"* og gjennom heile Bibelen kan vi lesa om lyset i mange samanhenger. I bibelordboka er det om lag dobbelt så mange skriftstader som viser til lys som til mørke.

"Jesus – verdens lys" står det på eit stort skilt midt i Stavanger sentrum. Skiltet er lettast å få øye på når det er mørkt, for då lyser det mot ein mørk bakgrunn. Slik er det og med stjernene. Dei er der om dagen også, men då er sollyset så sterkt at dei ikkje synest.

Vi går mot haust, vinter og mørketid. Iblast kan vi bli triste til sinns når den lyse årstida tar slutt. Vi kan kjenna at mørke og mismot vil ta plass i våre tankar og sinn.

Diktatar har også vore opptatt av motsetninga mellom lys og mørke.

Ein svensk diktar, Erik Blomberg, seier:

*"Var inte redd för mörkret,
ty ljuset vilar där.
Vi se ju inga stjärnor
där intet mörker är."*

Eit anna ord er: *"Det er når natten er mørkest – at det går mot dag."*

Den som er blind, lever i mørket alltid. Det er jo bare gjennom auget vi kan oppleva lyset. Derfor er auget noko av det mest verdfulle vi har.

I Bibelen finn vi også uttrykket *"augnestein"*. Det står at Gud vakta Jakob – sitt folk – som sin augnestein, og David ber i Salme 17: *"Vakta meg som din augnestein."* Dette uttrykket er eit bilet på kor verdfulle vi er for Gud. Og slik ser Gud på alle menneske – vi er like mykje verd for Han alle – uansett korleis vi har stelt oss i livet og overfor Han. Gud ofra Sonen sin for alle menneske, sjølv om ikkje alle har tatt imot Jesus som verdsens lys – som lys og frelse i si verd.

Det er så mange andre lys som blendar oss og som vi vert tiltrekt av. Men det er kunstig lys som ikkje varer evig, og som hindrar oss i å sjå det sanne lys – Jesus. Det vert fortalt at ein gong forsvann det elektriske lyset over heile New York, og då var det mange menneske som såg sternehimmen for fyrste gong.

Vi må trekka oss tilbake av og til for å få det rette perspektivet på livet, på oss sjølv og på Gud. Kanskje haustmørket kan hjelpe oss til det – i staden for at det blir ei tung og vanskeleg tid?!

SØNDAGSSKULENS DAG PÅ NESHEIM



I år var det Nesheim som var samlingsstaden for Søndagsskulens dag 2002. Kapellan Edvard Bø hadde gudstenesta der det også var dåp av vesle Eirik Gullbrå Hosås. Etterpå var det kyrkjekaffi i skulen på Bergo. Søndagsskulelærarane i Eksingedalen hadde laga til oppgåver ute der folk blei delt inn i grupper. Oppgåvene var knytt opp til bibelforteljingar, og deltakarane fekk t.d. visa kva Sakkeus gjorde då han ville sjå Jesus. Då klatra dei opp i eit tre som stod i nærleiken.

Søndagsskulen i Eksingedalen samlast før jul i kyrkja på Flatekval og etter jul i Nesheim kyrkje. Alle heimane får informasjon om kva tid det er søndagsskule.

SØNDAGSSKULEN PÅ VAKSDAL

Søndagsskulen på Vaksdal starta opp att søndag 15. september kl 11.00. Det er søndagsskule mest kvar søndag. Staden er konfirmantrommet i Kyrkja på Vaksdal.

Me syng, har andakt og gjer ulike oppgåver. Dersom nokon har lyst å byrje, er det berre å koma. Opplegget passar for born frå 3 år og oppover, gjerne i fylgje med vaksne.

Om de lurar på noko, er det berre å ta kontakt med Marianne Boge Karlsen på tlf. 56 59 72 32 eller 91 82 95 63.

50ÅRS KONFIRMANTJUBILÉER I KYRKJELYDANE



KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 28.SEPTEMBER 1952

1.rad frå venstre: Solveig Dale Vie, Bjørg Tungeland Pedersen, res.kap. Nicolay Lien, Marit Fotland Bernes, Reidun Hesjedal Sellevold.

2.rad: Odd Alvheim, Irene Ekanger Lønnebotn, Turid von Mehren Sæterdal, Torbjørn Fosse, Bjørg Vatle, Jorunn Fossmark Tyssebotn, Åslaug Lid Møster, Sonja Ekanger Davidsen, Ester Lie Sellevold, Kirsten Thaule Hatt, Ellinor Hernes Birkeland, Arne Korbøl, Sverre Langhelle, John Hvidsten.

3.rad: Magnar Hårvik, Arne Verpelstad, Toralv Stanghelle, Lodin Rødland, Lars Folkedal, Ragnar Strømme, Egil Haug, Harald Thuestad, Odin Lid, Øistein Ekanger.

Dale sokneråd innbyr både 50 års konfirmantane, som vi ser her på biletet, og dei som vart konfirmert for 60 år sidan, til gudsteneste og fest 13.oktober.

Vaksdal sokneråd samlar sine 50 års konfirmantar til gudsteneste og fest 6.oktober.

Stamnes sokneråd var først ute med konfirmantjubileum. Laurdag 7.sept. var 50 års konfirmantar og årets kønfirmantar invitert til fest i Stamnes bedehus.
Bilde frå festen kan de sjå på neste side.

50ÅRS KONFIRMANTJUBILÉER I KYRKJELYDANE



KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 21.SEPTEMBER 1952

Foran frå venstre:Aida Stamnesfet (Skrede), Reidun Kaland (Vikne), Magnhild Sandal (Eide), Astrid Straume (Flesland), Oddny Johnsen (Fotland), Jorunn Wiik, Aud Kåstad, Reidun Bjørkheim (Simmenes).

Bak frå venstre:Reidar Eikemo, Odd Nesse, Jarl Sæve, Svein Mellesdal, pastor Nicloai Lien, Oddbjørn Hesjedal, Johannes Kaland, Sveinung Sandal, Oddbjørn Nesse.



50 ÅRS KONFIRMANTAR OG ÅRETS KONFIRMANTAR I STAMNES 2002

Foran frå venstre:Even Dæmring Hagen, Stine Strand Carlsen, Ane Gammersvik, Aida (Stamnesfet) Skrede, Astrid (Straume) Flesland.

Bak frå venstre Oddvar Nesse, Jarl Sæve, Reidar Eikemo, Magnhild (Sandal) Eide, Oddny (Johnsen) Fotland, Sveinung Sandal.



Alle har ikkje gått på Søndagsskulen, alle har ikkje bakgrunn i kyrkja, alle går ikkje på Bedehuset.....men alle går på skulen!!



RAGNHILD LAKANG NORDMARK NY KRINSSEKRETÆR I LAGET

Ragnhild (21) er frå Boge på Vaksdal og har i eit par år vore busett i Molde. Fyrst kom ho dit som ”eitt-åring” i Molde Indre-misjon, og andre året som ungdoms-arbeidar. Frå 23.september er ho tilsett i ein prøvestilling i NKSS som krinssekretær i Møre og Romsdal i 50 % stilling. Ved sida av skal ho vera dagmamma for naboguten Eivind (1 år). Ho trivst godt i Molde.

I arbeidet sitt vil ho kome til å reise mykje. Ho skal vitja, fylgja opp og støa alle skulelaga i ungdoms- og vidaregåande skular i fylket. Ho skal også støa og fylgja opp vaksenleiarane for laga og synleggjera lagsvenene i fylket. Ho skal vera med på leiarkurs for 16-19 åringar som går over 6 helger dette skuleåret, i samarbeid med NMS – Møre og Romsdal. Arrangering av Nyttårsleir og deltaking i KristenRuss-arbeidet i Møre og Romsdal og Trøndelag er også blant arbeidsoppgåvane.

Ragnhild vert med i NKSS sitt ”Team MidtNorge” og skal samarbeida med studentprest Per Christian Strand og lags-tilsett Solveig Taylor i Trondheim og teamleiar og studentprest Leidulf Øy i Bergen.

Søndag 27.oktober skal Ragnhild innsetjast i tenesta i Molde domkyrkje. Ho seier at ho treng forbøn, og oppmodar samstundes til engasjement i skulelaget på Dale ungdomsskule eller andre lag der eigne ungar er engasjerte.

Til slutt helsar Lags-Lakang: *Guds fred!*

SKULELAGET PÅ DALE

Laget er starta opp igjen ved Dale Ungdomskule!

Laget ved ungdomsskulen har lange tradisjonar, men har dessverre lagt nede i nokre år.

Det har no vore drift sidan etter jul forrige år , og frå hausten av er me igjen registrert som medlemmer av NKSS (Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag) .

Det må seiast å vera svært bra oppmøte, men noko varierande.

Det er mange ungdommar som lurar på ting om trua og kristendommen, og Laget ønskjer å vere ein slik plass der folk kan komma og snakka ope og naturleg om desse tinga.

Laget er ein plass å ”vakne opp”, ein plass der ein tør å stille dei uunngåelege spørsmåla som vi alle må leve med.

Me kan formidle Jesus, men me kan ikkje formidle trua. Den må kvar enkelt få sjølv, men Laget gir eit grunnlag!!

Det viser seg at ungdom tenker meir og undrar seg meir over livet og eksistensielle spørsmål enn kva ein kan få inntrykk av. Laget tar ungdommane på alvor.

Vel møtt!!

KRIK-Villmark TUR 1

Laurdag 14. september var startdag for KRIK-Villmark. Turen gjekk til Vikavatnet der me skulle padla over , for så å gå inn til Hesjedalsfossen. Veret var så bra som det kunne bli, kanskje for bra, for oppmøtet var slunkent.



**VOKT-arbeidar
Knut-Erlend
Rosvold klar for
padletur.**

Foto: Magne Solhaug,
VaksdalPosten

Padlinga gjekk for seg i kano og kajakk. Til fots ut mot fossen gjekk det ned betydelege mengder med blåe og raude bær før me nådde fram. Vel framme nytte me utsikten utover ein solfylt Eidsfjord, åt nista og tømte skoa for rusk (nok til eit lite herbarium). Me var alle svært einige om at KRIK-Villmark var heilt genialt.

Me tok oss tid til nokre tankar som knytta saman padling og kristentrua !! (noko som faktisk har utruleg mykje til felles trur du eller ei).

Så vendte me nasen heimatt. Denne gongen gjekk turen litt fortare, sjølv om me måtte stoppa for å hausta inn litt sporplanter type Kråkefot, som visst nok skulle bli riktig så effektfullt fyrverkeri etter nokre dagar i tørk, i fylgje vår ferske biologi-student.

Tilbake ved bilane tømte underteiknande nok eit herbarium ut av skoen, og me konstaterte at første turen hadde vore flott, tross lite folk.

Stor takk til Anita Vik for lån av kano og litt lokal undervisning!!

Neste tur blir i Eksingedalen, og Asbjørn Lavik blir med oss på den turen. Alle som kan føta seg nokolunde, er over 10.klasse og reknar seg framleis som ungdommar, er vel møtt!!

Har du spørsmål om KRIK-Villmark, ta kontakt med:
Knut-Erlend Rosvold (VOKT-arbeider)
mob:95816591
arb: 56593922

Kristin Straume Normann og Torbjørn Audestad saman med turleiar Anita Vik på padletur på Vikavatnet.



Foto: Magne Solhaug, VaksdalPosten

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

21.07 Fabian Mark Bruce
 21.07 Remi Skaftun Søvik
 11.09 Ruben Kulshamar Ulevik
 15.09 Gard Eidsnes
 15.09 Noah Hagen Brekke
BERGSDALEN
 15.09 Lars Hvidsten Brekke
NESHEIM
 08.09 Eirik Gullbrå Hosås

VIGDE



DALE

29.06 Linda Andersen og
 Geir Hurum Karlsen
 06.07 Barbro Helle og
 Stian Jordalen

 27.07 Ingfrid Vaksdal og
 Sjur Brattabø, vigde i Jondal kyrkje

VAKSDAL

06.07 Silje Berland og
 Knut Schjerven Roald
STAMNES
 13.07 Ragnhild Vassenden og
 Johan Gravdal
 10.08 Anette Reigstad og
 Bjørn Arne Aase

AVLIDNE



DALE

14.07 Margit Prestegård, f.1913
 25.07 Wilfred August Berthelsen, f.1920

VAKSDAL

21.06 Sigurd Martin Nyheim, f.1925
 21.07 Bertina Julianna Olsnes, f.1910
 10.09 Anna Herfindal, f.1917

STAMNES

17.08 Ida Møster, f.1905
 20.08 Åsmund Mellesdal, f.1919

EKSINGEDELEN

28.06 Olav Vettlejord, f.1947

EIDSLAND

30.08 Karen Nesse, f.1906
 04.09 Sigfrid Myster, f.1919

KONSERTAR I DALE KYRKJE

Torsdag 24.oktober – KORDIAL

Måndag 4.november kl.19.30

*FRANSK AFTEN med
 kantorane Tone Synnøve Øygard
 Steinkopf og Olav Arne Steinkopf*

GODKJENDE LEVERANDØRAR AV GRAVMINNE

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdslova. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS
Ellinggard Steinindustri AS
Kjøl Stenindustri
Sildnes stenindustri AS
Sæthre stenindustri AS
Øien stenhuggeri
Åsane Stein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.

Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

GRAVMONUMENTER
fra Brødr. Strand
Stenhuggeri
 I våre kataloger finner De flere hundre modeller.
 Vi har alle aktuelle steintyper.
 Be om katalog og pristilbud.
 NB! Fritt levert og montert
 alle kirkegårder i distriket.
 Skriftilloyeler - Oppussing.

Harald Jordal
 Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

**Returadressse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam**

VELKOMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

6.okt. kl. 11.00 Høgmesse. Bø. 50-års konfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
20.okt. kl. 18.00 Høgmesse. Kvamsøe. Offer til TV-aksjonen. Nattverd.
3.nov. kl.18.00 Lysvesper. Kvamsøe.
17.nov.kl.17.00 Familiegudsteneste. Bø. Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. Offer til IKO.
1.des. kl. 19.00 Lysmesse. Bø. Konfirmantane deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE

29.sept. kl.11. Høgmesse. Bø. NLA. Offer til Norsk Lærarakademi.
13.okt. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. 50- og 60-års konfirmantar. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.
27.okt. kl.18.00 Tomasmesse. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Strømme-stiftelsen.

10.nov. kl.17.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Laurdag 30.nov. kl.17.00 Lysmesse. Kvamsøe. Konfirmantane deltek. Offer til Skulelaget ved Dale ungdomsskule.

STAMNES KYRKJE

20.okt. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. IKO – Institutt for Kristen Oppseding
10.nov. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.
1.des.kl.16.00 Lysmesse. Bø. Konfirmantane deltek. Kirkens SOS.

EIDSLAND KAPELL

27.okt. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Norsk Lutherisk Misjonssamband.

15.des.kl.16.00 Lysmesse. Bø. Konfirmantane deltek. Offer til Orgelfondet på Eidsland.

BERGSDALEN KYRKJE

6.okt. kl.20.00 Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Ungdom i oppdrag.
17.nov. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den norske Sjømannsmisjon – Norsk kyrkje i utlandet.
8.des. kl.16.00 Lysmesse. Kvamsøe. Barnas kyrkjebok til 4-åringar.

EKSINGEDELEN KYRKJE

20.okt. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
8.des. kl.16.00 Lysmesse. Bø. Konfirmantane deltek. Barnas kyrkjebok til 4-åringar. Offer til Søndagsskulen i Eksingedalen.

NESHEIM KYRKJE

3.nov. kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.
15.des. kl.11.00 Vi syng jula inn. Kvamsøe.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.
Adressa finn de øvst i denne spalta.

Kasserar:

Vaksdal Kyrklege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

BIBELTIMAR I STAMNES BEDEHUS

Kapellan Edvard Bø held bibeltimar
9. okt, 16.okt. og 30.okt. frå kl.19.30 – 21.00
Emne vert: ”Tro, håp og kjærlighet”.
Det vert også tid til ein kopp kaffi etterpå.